



SATSAR FOR FRAMTIDA: - Utgangspunktet er at kapasiteten skal seksdoblast, utan auka lønskostnader og fleire tilsette i produksjonen, seier dagleg leiar Steinar Gulaker ved Haugstad Møbel.

ARKIVFOTO

Haugstad seksdoblar produksjonskapasiteten

Januar 2021 reknar Haugstad Møbel på Vigrestad med å flytta inn i ny fabrikk med seks gonger større kapasitet, opplyser dagleg leiar Steinar Gulaker.

BRIT ROMSBOTN
brit.romsbotn@jbl.no

Haugstad Møbel AS satsar for framtida og byggjer nytt produksjonsbygg. Det nye bygget skal setjast opp som ei forlenging av dagens fabrikkbygg i Skulehagen i Vigrestad sentrum.

- Ikkje fleire tilsette

- Utgangspunktet er at kapasiteten skal seksdoblast, utan auka lønskostnader og fleire tilsette i produksjonen. Produksjonsauken skal skje ved bruk av ny teknologi, og me investerer no i nye maskinlinjer med ny produksjonsteknologi, seier Steinar Gulaker til Jærbladet.

Haugstad Møbel er med i forskingsprosjektet Smartfab - Smart og berekraftig SMB fabrikk, og det er teknologi frå dette prosjektet som skal nyttast i det nye produksjonsbygget.

Totalbudsjettet i prosjektet er på 26 millionar, 11 millionar kroner går i rein støtte til Haugstad Møbel.

- Forskingsprosjektet går over tre år. Med Smartfab i ryggen kjenner me at tida no er inne for å satsa. Gjennom heile prosjektperioden vil me ha breie ressursar og kompetanse rundt oss, slår Haugstad fast.

Planen er at produksjonen i den nye fabrikk startar i januar 2021.

Meir enn doblar produksjonshallen

Nybygget blir på 3500 kvadratmeter, og dette er like stort som dagens produksjonshall. Steinar Gulaker ønskjer ikkje å svara på kva nybygget vil kosta.

Gulaker seier at dei i dag nyttar kapasiteten ved fabrikk fullt ut.

- Me får spørsmål om oppdrag både nasjonalt og internasjonalt. Me bruker i dag all plassen me har, og me produserer maksimalt av det som er mogleg i dagens lokale. I dag er det mange me må seia nei til, på grunn av for liten kapasitet. Me har allereie no gjort avtalar med kundar som skal få varer levert frå den nye fabrikk, seier Gulaker.

- Større risiko ved ikkje å satsa

Den daglege leiaren seier at det handlar om ei stor satsing og investering.

- Me har tru på framtida og me ser ein større risiko ved ikkje å satsa. No ser me fram

til å koma i gang, seier Steinar Gulaker, dagleg leiar ved Haugstad Møbel AS.

Dei andre partane i Smartfab er Sintef, Sintef Raufoss Manufacturing, NTNU og Jærtek.

Administrativt i fabrikk blir det behov for meir og breiare kompetanse innan digitalisering og nyare teknologi. Det blir lagt opp til omfattande kursing og omskulering av dagens arbeidsstokk.

Omsettinga ved Haugstad Møbel er dobla i løpet av fire siste åra. I år reknar verksemda med å enda opp med ei omsetting på 43 millionar kroner.